



Bømlo kommune,
Leirdalen 1,
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

BØMLO KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Bømlo kommunestyre har i møte 09.12.2019, sak 122/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse.

Budsjett 2020

Netto driftsresultat utgjorde 0,9 prosent av brutto driftsinntektene for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjør 1,4 prosent. Det tilrådde minstenivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har vedteke bruk av lån med kr 80,4 mill. til finansiering av investeringane i 2020. Totale investeringar utgjør om lag kr 105,8 mill.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg noko under det tilrådde nivået frå TBU. Overskota er planlagt sett av til fond og investeringar.

Samla investeringar i perioden 2020-2023 utgjør om lag kr 368,4 mill., der om lag kr 275,7 mill. er planlagt finansiert med bruk av lån. Dei største investeringane er i nytt bygg til Svortland skule, Moster omsorgsbustader/servicebygg og bygging av ny brannstasjon.

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2019 som utgjorde 97,4 prosent av driftsinntektene. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 disposisjonsfond med om lag kr 85,6 mill., eller 8,3 prosent av driftsinntektene.



Fylkesmannen sin kommentar

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Vi har ikkje prioritert å gi nærare vurderingar av kommunen sin økonomi.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent